

Sluttspurt for pensjon

Unio argumenterte sterkt for opptringing av pensjonspoeng for studier da de møtte til høring om den nye pensjonsmodellen i arbeids- og sosialkomiteen.

– Dersom regjeringen ikke innfører pensjonspoeng på studier, bryter de med logikken i sin egen pensjonsmelding. I denne ligger det nemlig at alt av arbeid og verdiskaping skal lønne seg, påpekte Unio-leder Anders Folkestad.

– Det er knapt noen verdiskaping som lønner seg mer for et samfunn enn å satse på utdanning og kompetanse, og da er det merkelig at regjeringen gjør et unntak for dette i en så stor og viktig melding, sa Unio-lederen.

I møtet trakk Unio fram at de som har en inntekt mellom 4G og 5G kommer dårligere ut i det nye pensjonssystemet. Dette gjør dermed at svært mange deltidsarbeidende får dårlig uttelling.

Kidnappingar i Irak

I byrjinga av november vart eit hundre-tals medarbeidrarar ved eit forskingsinstitutt i Bagdad kidnappa, melder det svenke Høgskuleverket. Dette har ført til at alle irakiske universitet har vorte stengde inntil tryggleiken er forbetra. Iraks minister for høgare utdanning Abed Theyab seier at det ikkje fanst noko anna alternativ, og han karakteriserer hendinga som "ein nasjonal katastrofe". Dermed er tilhøva for høgare utdanning i Irak endå verre enn før. Trass det diktatoriske regimet til Saddam Hussein, var systemet for høgare utdanning i Irak vurdert som eitt av dei beste i Midt-Austen. Fleire tusen forskrarar har alt reist frå landet til blant anna Jordan, Syria, Europa og USA. Minst 155 har vorte drepte sidan krigen starta i 2003. Ein del av dei kidnappa er no sleppte fri.

Nytt forskningssenter åpnet i Oslo

CIENS, et forskningssenter for miljø og samfunn, ble høytidelig åpnet av Kronprins Haakon i Forskningsparken i Oslo i november. Senteret et tverrfaglig samarbeid for å møte morgendagens miljøutfordringer. Alle materialer i bygget er vurdert ut fra sine miljøgenskaper. Bygningen er utformet sånn at det vil bruke halvparten så mye energi i året som norske kontorbygg i snitt. CIENS står for Centre for Interdisciplinary Environmental and Social Research og samler ni miljø- og samfunnsforskningssinstitutter under samme tak. Fem hundre medarbeidere skal arbeide her. Etableringen av dette nye senteret i Gaustadbekkdalen innebærer en betydelig utvidelse av Forskningsparken.

42 millioner svenske til postdoc.

Gjennom Vetenskapsrådets nye satsning for postdoc.-utveksling får nesten 90 unge svenske mulighet til å bytte institusjon for to år i postdoc.-perioden, og utenlandske forskere kan komme til en svensk institusjon. Nesten halvparten av dem som har fått stipend reiser til USA.

Høgkuledemokrati

Tilsette får røysta tilbake

Arbeidstilsynet gav lokaldemokratiet ved Høgskolen i Akershus det glatte lag. Etter tre år utan avdelingsstyre, innfører skulen truleg valde, kollegiale organ på ny.

Arbeidstilsynet Østfold og Akershus gjekk gjennom verksemda ved Høgskolen i Akershus (HiAk) for snart eitt år sidan. Domen var hard: Fagleg usemje har utvikla seg til person- og gruppekonfliktar. Konflikthandteringa har vore for dårlig. Dei tilsette har hatt for liten innverknad, og formelle organ for medverknad er nedlagde.

Pålegg om utbetring

Tilsynet kom med i alt seks "varsler om pålegg" – tilhøve som institusjonen måtte utbetre.

– Alle desse tilhøva er samanvovne – for dårlig konflikthandtering, innverknad og informasjon. Men det er kraftig kost å få seks varsel om pålegg, seier høgskulelektor og verneombod Ole Edmund Eielsen ved HiAk. Han er tidlegare hovudstillsvald i Forskerforbundet ved HiAk, og ein av to representantar for tilsette i høgskulestyret.

– Det var ikkje uventa at høgskulen fekk kritikk, men han var kanskje sterkare enn venta, seier Eielsen. Han viser til at HiAk før hadde hatt to interne evalueringar. Ei av desse var ei undersøking om kor tilfredse medarbeidarane er.

– Undersøkingane gav dårlige resultat, og desse vart langt på veg stadfesta av rapporten frå Arbeidstilsynet, seier Eielsen.

Leiinga ved HiAk sende eit tilsvart til Arbeidstilsynet i sommar med oversyn over planlagde tiltak på dei seks punkta, men tilsynet har ikkje svara på dette enno, opplyser Eielsen.

La ned avdelingsstyrta

HiAk var opphavleg spreidd på fire avdelingar rundt om i Akershus. I 2003 vart heile institusjonen samla på Kjeller ved Lillestrøm. Eielsen meiner HiAk-styret gjorde to uheldige vedtak på denne tida: Hausten 2003 vedtok styret å gå over til ein annan styresamsetnad med svakare representasjon frå dei tilsette. Våren 2004 kom vedtaket om å leggje ned avdelingsstyrta – valde, vedtakande organ med representasjon frå dei tilsette.

Framandgjering må seiast å vere ein hovudkaraktistik i rapporten frå Arbeidstilsynet. I rapporten heiter det blant anna: "Virksomheten skal sørge for at ansatte gis reell mulighet til medvirkning og innflytelse. Herunder må virksomheten, i samråd med de ansatte, vurdere om eksisterende arenaer for ansattes medvirkning og innflytelse er tilstrekkelig gode."

– Avdelingsstyrta gjev legitimitet. Ein kan like eller mislike vedtaka dei gjer, men ein kan i allfall seie frå om dette med stemmesetelen ved neste korsveg, seier Eielsen.

– *Kva har mangelen på slike organ hatt å seie?*

– Avgjerslene har vorte tekne av dekanen. MBU ("medbestemmingsutval") på kvar av-

deling får mindre sakspapir når ein ikkje har eit avdelingsstyre, og dei tilsette får dermed mindre innsyn i sakene, seier Eielsen.

– *I kva typar saker er det spesielt viktig for dei tilsette å ha innverknad på avdelingsnivå?*

– Dei viktigaste sakene for avdelingsstyrta er budsjett og kva fagleg utvikling avdelinga skal ha, seier Eielsen.

Dei tilsette hadde mist avdelingsstyrta, men ein annan formell arena vart oppretta – "Rektors hjørne". Tilsette kunne møte rektor og prorektor for å ta opp saker. Dermed vart innverknaden ein kunne få for privatisert, meinte dei tilsette.

– Ordninga vart mykje kritisert og døydde stille og roleg vekk. I eit slikt forum vart det kanskje mest tale om å mjøle si eiga kake, seier Eielsen.

Drahjelp frå tilsynet

Han er tilfreds med at leiinga ved HiAk har teke tak i problema Arbeidstilsynet påpeikte. Blant anna er utarbeiding av ein prosedyre for konflikthandtering i rute.

HiAk vil elles styrke medarbeidarinvolveringa på alle nivå. Høgskulestyret vedtok i haust å innføre normalordninga for styresamansetnad. Det vil seie at dei tilsette vert



Dei tilsette kjem til å engasjere seg meir når dei formelle kanalane er på plass, meiner verneombod Ole Eielsen ved HiAk. Han helsar opprettning av kollegiale organ velkommen. (Foto: Kjetil A. Brottveit)

sterkare representert – med fem medlemer i staden for to, som i dag.

Eit partssamansett utval har kome med framlegg om å opprette avdelingsstyre att, og dette er til høyring rundt om på avdelingane. Alt tyder på at avdelingsstyra kjem på ny, meiner Eielsen.

– Det er stemning for dette, og framlegget får truleg fleirtal i høgskulestyret, seier Eielsen.

sen, som opplyser at dette tidlegast kan skje ved styremøtet 13. desember.

– *Hadde HiAk kome til å endra styresamsetningen og innført avdelingsstyre om det ikkje var for Arbeidstilsynet?*

– Dette vert hypotetisk, men Arbeidstilsynet har gjeve drahjelp.

Av Kjetil A. Brottveit



Dei tilsette ved Høgskulen i Akershus (biletet) saknar avdelingsstyrta, slo Arbeidstilsynet fast. Personane på biletet har ikkje noko med saka å gjere. (Illustrasjonsfoto: Kai Myhre)

- Avdelingsstyrta treng klårt mandat

Rektor Lars E. Aukrust ved HiAk seier til Forskerforum at han tok innspela frå Arbeidstilsynet på alvor. Han meiner høgskulen er godt i gang med å rette på tilhøva som vart kritiserte.

– *Er du samd i at tilsette har for liten innverknad?*

– Vi har tilsett rektor, tilsette dekanar og studieleiarar og bør nok ha eit demokratisk organ på avdelingsnivå. Problemet med avdelingsstyrta var at dei var uklårt forankra. Kven fekk dei oppgåver frå, og kven rapporterte dei til? Direktør og rektor, eller styret? Kven hadde budsjettansvar, dekan eller avdelingsstyrta? spør Aukrust, som understrekar at HiAk har rådgjevande "medbestemmingsutval" på avdelingane.

– *Var det eit feilgrep å legge ned avdelingsstyrta?*

– Det var uansett nødvendig med ei opprydding i og med at avdelingsstyrta ikkje hadde ein logisk plass i organiseringa. Der-

som vi skal opprette avdelingsstyre på ny, må dei ha klårare definert mandat og rapporteringsline, seier Aukrust. Han meiner det er viktig å få til eit konstruktivt samspel mellom dekanen og leiargruppa rundt dekanen på den eine sida og avdelingsstyrta på den andre sida. Dekanen bør ha budsjettansvar, men avdelingsstyrta må ha ein *real* innverknad.

– *Arenaen "Rektors hjørne" har vorte kritisert. Forstår du innvendinga om at denne ordninga vert for individualisert?*

– Dette tilbodet var tilgjengeleg for kven som helst, og ein kunne ta opp kva som helst. Dei som kom var godt fornøgde. Eg tykkjer det er underleg at folk som aldri kom, var så sterkt kritiske. Eg forstår ikkje kritikken om at dette vert for individualisert, for ordninga kom i tillegg til det offisielle systemet, og var ikkje ein stad for å ta avgjerder, seier Aukrust.

Elevar får studenthjelp

Frankrike: 100 000 elevar i vidaregåande skule skal etter kvart få kvar sin student som rettleiar og inspirator, melder det svenska Högskuleverket. Det er tanken bak eit prosjekt for sosial utjamning som den franske regjeringa har starta i haust. Så langt har om lag 30 000 studentar stilt friviljig opp. Føremålet med prosjektet er å opne sosiale og utdanningsmessige dører for elevare fra miljø som tradisjonelt rekrutterer få studenter. Universitet og studentforeiningar kan også søkje pengar for tilsvarande prosjekt, og tilsvarande om lag 20 millionar norske kroner er sett av til føremålet. Andre program går ut på å fylge resultata til nye studenter nøyare det første året for å unngå at så mange avbryt utdanninga.

Kjempelønnshopp på juss

Det juridiske fakultet i Oslo øker professorlønnen med i gjennomsnitt 154.500 kroner. Nå frykter landets øvrige jussfakulteter for rekrutteringen, skriver Universitas. Etter å ha tjent langt mindre enn sine kolleger ved de juridiske fakultetene i Bergen og Tromsø, gjør nå jussprofessorene ved Universitetet i Oslo et byks på lønnstabellen: Mens dagens professorlønn i gjennomsnitt ligg på lønnstrinn 76, skal snittet fra nå øke til 84. Et snitt på lønnstrinn 84 tilsvarer 744.800 kroner i året, som er 154.500 kroner mer enn lønnstrinn 76, som tilsvarer 590.300 kroner.

Vil tjene penger i England

Det amerikanske selskapet Kaplan vil åpne Storbritannias første universitet, der hovedhensikten med drifta er å tjene penger. Nye og mer liberale britiske utdanningslover gjør dette mulig, skriver The Guardian. Selskapet, som har rykte på seg for å ha loset generasjonar av amerikanske studenter gjennom opptakseksamenen til universiteter i USA, har en årlig inntjening på over en milliard dollar eller 6,46 milliarder kroner. I fjor kjøpte Kaplan den private høgskolen Holborn College i London. Selskapet kan bli en seriøs konkurrent til etablerte universiteter innenfor fagområder som juss, økonomi og IT, skriver The Guardian. Disse studiene trekker til seg mange studenter og er relativt rimelig.

Lav tillit til forskning

33 prosent av Norges befolkning har fått svekket sin tillit til norsk forskning etter det siste årets fusk-avsløringer.

– Disse tallene er beklagelige, sier Kari Kjenndalen, generalsekretær i Forskerforbundet.

En undersøkelse utført av opinionsbyrået Sentio på oppdrag fra Universitas og Norsk Studentunion viser at 33 prosent av den norske befolkning nå har fått lavere tillit til forskning. Kjenndalen mener at forskningsmiljøene må arbeide tydeligere for å få frem at det i forskningen skjer en grundig kvalitetskontroll.